



Gjermond Fredheim synes konsertlokalet gav lite klang, men bar lyden godt og ein høyrde gitaren. Han var nøgd med lokalet, og publikum fekk ei musikalsk oppleving av dei få.

Fredag 08. september inviterte Arbeidsutvalet for Haugland skulemuseum til konsert. Settinga sa seg sjølv. Dei gamle pultane var tatt i bruk for publikum, og det var stearinlys til opplysning. Dette laga ei flott ramme, til noko som skulle verta ei opplevning av dei sjeldne.

Aktørane var Gjermond Fredheim på klassisk gitar, og Mona Vetrhus med sjølvskrevne dikt/eventyr, samt eit knippe dikt frå andre.

Gjermond driv no på med slutten av musikkstudiet på Griegakademiet. Mona jobbar med si fyrste diktsamling, som vi ventar med spaning på å få lese.

Stunda i gamleskulen vart ei magisk stund der dei veksle med dikt og musikk i forskjellige stilartar. Mona seier sjølv at diktstilen hennar, er å prøve å sei mest mogleg med færrest mogleg ord. Ho meiner det er viktig "å få fram ei kjensle, ein liten, finpusa stemning." Etter mi meining, så klarar ho dette på ein utruleg flott måte. Mykje av det vi fekk høyre idag, er ord til ettertanke, og som gjev eit grunnlag for eigne tolkningar. Ho leste oss igjennom forelskelse, reise, sorg og mykje glede. Mona har ein fin måte å formidla dikta både gjennom stemme- og kroppsbruk. Ein anna ting er dei smilande augo som lyser energi og glede over det ho gjer. Det gjev oss ein opplevnad som er vanskeleg, om ikkje umogleg, å få fram med å lesa dikta sjølv.

Musikken som Gjermond trylla fram på gitaren, var variert i både spelestil og tidsepoke. Hans repertoar spente frå gamal fransk begravelsesmarsj, 'Marche Furiebre' av Napoleon Coste, til 'Cavatina' av Stanley Myers. Den siste er betre kjent som kjenningsmelodien til Hjortejegeren. Då Cavatina vart spelt, nådde stemninga sitt høgdepunkt; Stearinlys, skumring ute der ein berre såg konturen av trerna gjennom dei gamle vindauga... Men ein kjem ikkje vekk ifrå stykket Sonata Mongaliana, som er skreve av ein gal (ref. Gjermond sjølv) tsjekkisk komponist! Her har han beskreve ein sur vind ifrå Mongolia. Gjermond fekk vist, vil eg tru, eit ytterpunkt for kva ein kan bruke ein klassisk gitar til; så sant vi tar høgde for at det er, og vert traktert som eit musikkinstrument. Dette stykket synes eg skildra Mona sitt førgåande eventyr om musejakta på ein humoristisk måte. Heilt villt og ikkje minst dramatisk.

Alt i alt var dette ein konsert som gav ro og ettertanke. Håpar vi snart kan gå på konsert att i Gamleskulen på Haugland. Og ikkje minst; det hadde vore ei flott oppleving å kunne gå på konsert med Mona og Gjermond i ei anna setting også. Kanskje på Bøkkeren neste gong?

Trur eg kan sei på vegne av alle oss som fekk vera der; Tusen hjarteleg takk og lukke til.

-Magnhild Haugland



Mona Vethus gav oss dikt som klarte å spela på følelsar og gav oss noko å tenkja på. Vi gler oss til å høyre meir frå deg, Mona.